

«Kunnskapens mark er uendelig»

Om lærarar, kunnskap og skule i
A.O. Vinjes korrespondentbrev til
Drammens Tidende (1851–1859)

Anne-Beathe Mortensen-Buan
og Norunn Askeland

Aasmund Olavsson Vinje ser ut til å ha hatt lite til overs for dei tilsette på universitetet, om ein skal dømme ut frå eit korrespondentbrev til *Drammens Tidende* i 1852¹. Dei er

høist elendige Mænd, syge, prosaiske og blodfattige i Aanden; de staa i Livet som et Lexikon i en Boghylde; man ærgrer sig hver Gang man ser paa dem og maa slaa op; det værste er, at de ere daarlig indbundne, saa de falde fra hverandre, hvergang man skal bruge dem. (249/1852)²

I tillegg er dei lærde ifølgje Vinje så lite verdt at dei kan seljast saman med gamle aviser som makulatur, og dei er heller inga fryd for auget: «De have læst af sig Haaret, svedet sine Øienbryn, ere saa nærsynte, at de maa stikke Næsen lige ind paa Bogen».

Vi merkjer oss at denne omtalen gjeld dei tilsette på universitetet, og ikkje lærarar generelt. I denne artikkelen skal vi ta for oss korleis Vinje omtaler lærarar, kunnskap og skule i nokre utvalde korrespondentbrev til *Drammens Tidende* i perioden 1851 til 1859, ei tid der norsk skule er under utvikling frå omgangsskule til fastskule. I korrespondentbreva tek Vinje, som sjølv hadde lærarutdanning, opp spørsmålet om kva som er ei god fagbok for lærarar, kva som er oppgåvene til prestar og lærarar og kva krav samfunnet kan stille til skulen. For å få fram meiningsane sine nyttar Vinje mange metaforar og ein del ironi. Artikkelen vil ta opp, vurdere og drøfte Vinjes metafor- og ironibruk i eit retorisk lys, med hjelp av både klassisk og moderne metaforteori og pragmatikk. Materialet er korrespondentbreva slik dei er gjort tilgjengelege i elektronisk form utgitt av Det norske språk - og litteraturselskap i samarbeid med Nasjonalbiblioteket (Evensen og Haarberg 2018).

At lærde folk blir så lite fordelaktig omtalte, kan henge saman med at Vinje stort sett hadde minst sympati for dei som stod høgt på rangstigen og meir med dei som stod lågt. Som vi skal sjå, gjekk metaforane og ironien meir utover professorar og myndigheter enn vanlege lærarar, lærarinner og elevar. Om Vinje hadde levd og skrive i vår tid, når akademikarar vert omtalte som «kunnskapsarbeidarar» og kommanderte i aust og vest av byråkratar, er det grunn til å tru at Vinje ville ha vore på akademikarane si side, same kor därleg syn og lite hår dei måtte ha.

Teoretisk bakgrunn og tidlegare forsking

I klassisk metaforteori etter Aristoteles er metaforen sett på som eit avvik frå bokstavleg meinings. Men etter den kognitive vendinga, med boka *Metaphors We Live By* av Lakoff og Johnson (1980), vart metaforen framstilt som reiskap for tenking gjennom overføringer frå kjeldedomene til måldomene, der t.d. politikk kan framstillast som *krig* eller *sport*, og skatt som *bør* eller *dugnad*. Metaforen vart dermed ein reiskap for språklege og kognitive rammer som kan definere eit emne. Burgers, Konijin og Steen (2016) har teke denne innsikta vidare og sett metaforbruk i samanheng med ironi og rammeteori. Dei hevdar at både metaforar, overdrivingar (hyperbol) og ironi er reiskapar for å ramme inn eit emne og for å resonnere rundt det. Metaforar og ironi er med andre ord ikkje berre språklege reiskapar, der det finst ulike måtar å seie det same på, men er reiskapar for omgrep og tenking. Metaforar og ironi «fargar» emnet vårt, og viser korleis vi tenkjer og resonnerer rundt eit fenomen.

Tradisjonelt sett har ironi gjerne vore definert som motsett den bokstavlege meinings. Med hjelp av ironi kan ein gå til åtak på etablerte normer og setje desse i perspektiv. Men ifølgje Burgers, Konijin og Steen kan ironi også avsløre motnormer og endre rammene for kommunikasjonen. Dei hevdar dessutan at metaforar og ironi ofte finst i kombinasjon og at dei som regel representerer åtak på stereotype oppfatningar. Dette ser vi tydeleg i sitatet om dei lærde innleiingsvis. Den stereotype oppfatninga er at det er gjevt å vere lerd og å vere tilsett på universitetet, men Vinje snur denne oppfatninga på hovudet ved å samanlikne dei universitetstilsette med noko blodfattig og livlaust, som därleg innbundne og verdilause leksikon i ei bokhylle, for ikkje å snakke om makulatur. I tillegg kjem ekstreme overdrivingar eller hyperbol i skildring av därleg syn og lite hårvekst hos dei

lærde. Dette gjør at dei kjem i eit dårleg lys som usunne og lite livskraftige personar. Vinje opprettar ei motnorm å vurdere ut frå, nemleg det livskraftige. Andre stader i same brevet hevda han at barn ikkje skal bruke barndomen til å lese, men heller til å leike, springe og bruke kroppen. Tradisjonell boklærdom har Vinje lite til overs for, ser det ut til. Lærarar er det derimot eit visst håp for, skal ein tru Vinje.

Jon Haarberg er ut frå Bakhtin oppteken av det karnevalistiske ved Vinjes skrivemåte (Haarberg 1985 og 1993). Der Vinje tidlegare vart oppfatta som bondsk og vulgær, ser Haarberg skrivemåten til Vinje som bygd på sjangrane i antikken, som til dømes travestien og satiren. Haarberg viser vidare til trekk ved Bakhtins karnevalisme, som til saman kan gjelde som hovudtrekk ved Vinjes forfattarskap (Haarberg 1985 s. 192). Typisk for karnevalismen er det kroppslege og det groteske, der det høge blir lågt og det låge opphøgd (*ibid.* s. 96). Elles er skarpe kontrastar, paradoks og brå omslag også typisk for karnevalistisk skrivemåte hos Vinje. Oppsummert handlar dette om at det komiske får eit vidt spelerom og at humoren er karnevalesk, det vil seie folkeleg, munnleg og komisk, det som i Vinjes forfattarskap er blitt kalla tvisynet: «Tvisynet er, enkelt sagt, Vinjes evne til å sjå det komiske i noko alvorleg, utan at komikken stengjer for alvoret – eller omvendt» (Haarberg 1993 s. 168).

Ifølgje Haarberg er tvisynet hos Vinje tett kopla til humoren hans:

Vinjes humor spring ut av den ubendige trua på framskrittet, på etterfødinga og det triumferandelivet. Latteren er ingen «*taparfli*», slik det har vore hevdta. Alt tidleg i Drammens-korrespondansane, men især etter målskiftet i 1858, rettar han seg mot den døyande danske embetsmannskulturen, mot det forsteina og patetisk oppblåste i samfunnsliv, kultur

og politikk. Trass i det tilsynelatande håplause utgangspunktet for målstriden, ler Dølen på vegner av eit heilt folk og ei ny tid. (*ibid.* 1993 s. 168)

Slik introduserer Haarberg ein ny måte å lese Vinje på, der tvisynt, låtten og humoren er knytt til liv og framtidstru. I denne artikkelen skal vi sjå at framtidstrua også gjeld lærarar, kunnskap og skule.

Arild Linneberg (1992) er oppteken av Vinjes ironi og skriv at ironi er det viktigaste grepene hos Vinje, og meir enn berre ein språkleg figur: «Det er ei holdning, den subjektive, sokratiske og negative holdninga til det bestående – og den dialogiske holdninga til sannheten», ei livshaldning Linneberg framhevar som typisk for essayet (Linneberg 1992 s. 239–240). Vidare hevdar Linneberg at parodien er ei særleg form for ironi, ei slags ironisk fordobling i eit litterært materiale (*ibid.* 251). Linnebergs forståing av ironi ligg nært opp til forståinga til Burgers, Konijin og Steen nemnt ovanfor, der ironi saman med metaforar er reiskapar for omgrep og tenking og er med på å ramme inn eit emne og setje det i perspektiv.

Hallvard Kjelen (2001) byggjer på Haarbergs og Linnebergs studiar av Vinje, og er sjølv oppteken av Vinjes metaforbruk. Han finn at metaforane er kroppslege og jordnære, som til dømes når han snakkar om at kunnskap må fordøyast og bli ein del av kroppen, slik at han ikkje vert gulpa opp att. Kjelen peikar også på at Vinje bruker frigjerings- og slavemetaforar når han skriv om bokmålet og språkstriden, og hjulmetaforar for å karakterisere utvikling i både tekstar og i samfunnet (Kjelen 2001 s.70). Dette er funn vi skal ta med vidare i studiet av Vinjes metaforar og ironibruk i tekstar om lærarar, kunnskap og skule i korrespondentbreva.

Om skriving og bokkritikk

I eit av korrespondentbreva (165/1852) tek Vinje opp kva krav ein kan stille til gode fagbøker for lærarar, lærarar som ofte ikkje hadde anna utdanning enn nokre få år i allmugeskulen. I denne samanhengen omtaler han tre bøker, *Nogle Bemærkninger om Flertalsformerne i vore Intetkjønsord* og *Antydninger til en ny Lov om vort Modersmaals Tidsformer*, av adjunkt Thaasen, og *Anskuelseslære*, av «seminarielærer» Hansen. Men før han kjem til omtalen av bøkene, fortel han ei historie om ein kokk på eit dampskip på Rhinen. Denne kokken var svært glad i å lage mat og traktere passasjerane:

Han sprang næsten sandsesløs omkring med sine Brædter og Tariner, og da man takkede for Maden, svarede han: «Ingen Aarsag! Jeg føler mig lykkelig, at jeg har truffet Mennesker, jeg kan traktere; det er min Gjerning og jeg virker i mit Kald.

Men Vinje var ikkje Vinje om han ikkje nytta høvet til å bruke historia til å seie noko om kva som er felles for ein god kokk og ein god forfattar:

Jeg tænker ofte paa denne fortræffelige Kok og ønsker da naturligvis, at Alle vare slige, ikke blot de virkelige Madkokke, men tillige Forfatterne, der unegtelig ogsaa ere Kokke paa sin Vis og neppe have Grund til at hovmode sig over de andre, som servere paa Bordet for dem, for, Alt kommer til Alt, kan neppe de mest originale Forfattere rose sig af, at det almindelige, forhen erhvervede og fælles Kundskabsstof gjennem dem mere bliver forædlet, end de forskjellige Næringsmidler gjennem Kokkens Hænder.

Det å skrive ei god bok er ikkje noko meir originalt enn det kokken gjer, når han tek råvarene og gjer dei om til god mat. Den opphøgde bokskrivinga blir her samanlikna med matlaging, som i høg grad er ein kroppsleg aktivitet, også etter at maten er ferdiglagta og servert.

Dei tre bøkene Vinje omtalar, har det til felles at dei er godt skrivne, og at dei er skrivne av forfattarar som er «uegennytte». Bøker som er skrivne for lærarar, har ikkje mange kjøparar, trass i at bøkene er gode, for lærarar har svært låg løn. Vinje konkluderer då med følgjande:

Det er derfor glædeligt, hver Gang man ser en Bog udkomme,
ikke blot for Literaturens Skyld, men næsten endnu mere for
di det vidner om et Sindelag hos Forfatterne, der uvilkaarlig
bringer mig til at tænke paa denne rhinske Kok.

Her har vi eit døme på at Vinje bruker metaforen til å framheve noko positivt, som i dette tilfellet er forfattarar som er opptekne av fag og skriving og ikkje av pengar. Om det skulle vere ein underliggjande ironi her, går den i så fall utover dei forfattarane som ikkje er så gode til å skrive og som er opptekne av pengar. Men så er dei heller ikkje så lukkelege som den sanselause kokken på Rhinen.

Men Vinje er ikkje berre fagleg og seriøs når han skal omtale bøker. Nokre gongar har han kanskje ikkje hatt tid til å lese så grundig. Men gjennom å innrømme det og vere sjølvironisk, får han likevel vist seg fram som seriøs når han tillet seg noko ingen bokmeldar i dag ville ha våga å innrømme:

Vi begynder at komme os i Bogveien: nu i disse Dage er der
udkommen en almindelig Historie af R. T. Nissen, Skolebe-
styrer. Den er ganske tyk, kanske et Par Tommer, og den er vist

meget god. Jeg skal forresten ikke indlade mig paa at bedømme den, da jeg kun har læst Fortalen og det sidste blad om Februarrevolutionen; men hvad jeg læste forekom mig godt, og med denne Læsning kunde jeg nok efter den vist ikke ualmindelige Skik og Brug give min Mening om Bogen tilkjende, men jeg vil dog ikke gjøre det; jeg vil blot sige: det er sandsynlig at Bogen er god i Midten ogsaa, siden den er det i begge Ender; saaledes slutter man idetmindste om en Pølse f. Ex. (201/1852)

Her ser vi igjen analogien mellom kunnskap og mat. Ei bok er som ei pølse: Er starten og slutten god, er det sannsynleg at midten også er det. Metaforen er henta frå eit kroppsleg og kvardagsleg domene. Ved å bruke metaforen om at ei bok er ei pølse, og at boka nett som pølsa er god om både begynnelsen og slutten er det, gjer Vinje rett og slett narr av seg sjølv. Han vil ikkje innlate seg på å vurdere boka, fordi han rett og slett ikkje har lese heile boka. Men så gjer han det likevel, på grunnlag av dei første og siste sidene. Dette er ei avansert form for tvisyn og sjølvironi som gjer at lesaren får tillit til han. Humoren er knytt til tvisynet, og det humoristiske i det alvorlege.

Vi har sett at Vinje kan tulle og fleipe og bruke metaforar, ironi og humor inntil det sarkastiske, som når han snakkar om dei lærde. Men han kan også snakke alvor og vise fram det han meiner er viktig, som kokken på Rhinen og gode forfattarar. Korleis ser han så på lærarar og prestar?

Om prestar og lærarar

I antologien *Norske digtere* frå 1886 portretterer Nordahl Rolfsen husmannssønnen Aasmund Olavsson Vinje, og brukar følgjande sitat for å omtale Christiania- korrespondenten for Drammens Tidende: «[Vinje] har været den mest produktive, den lengst

utdholdende og den mest berømte, eller – ville maaske Nogle borneret kalde det – den mest beryktetede Korrespondent, som vort Land kan opvise» (Rolfsen 1886 s. 490). Rolfsen låner sitatet, utan å nemne kven referansen er, fordi han meiner det er eit passande sitat, får ein tru. Det er ein spennande tanke å førestelle seg korleis kommentarfelta hadde sett ut om Vinje hadde skrive i dag. For visst sparkar han! Og nokre av dei det går ut over er, som nemnt over, akademikarar. Og prestar!

Den 20. september 1854 er Vinje tilhøyrar på eit fleirdagsmøte i *Christiania geistlige Forening*. Møtet vert arrangert på Universitetet, og «der er mange Præster fra Byen og Landet, flere af Universitetslærerne, mange theologiske Kandidater og Studerende og ikke ret faa Tilhørere, da man har været saa god at holde Forsamlingen for aabne Døre» (221/1854). Det siste er Vinje ikkje sikker på om er av det gode. Etter eit par dagar som lyttar er han forferda og arg, og meiner at dei geistlege foreningsmøta i framtida må haldast for lukka dører «saa at Verden ikke faar noget om dem at vide». Han er særleg forferda over det som på møtet blir drøfta og omtala som den indre misjon og indre heidningar, forstått som noko heimleg, i motsetnad til heidningar ein sender misjonærar til:

For at faa «en indre Mission» trængte man til flere Præster; By og Bygd maatte ligesom inddeles rodevis, og hver Præst burde inden sin Rode føre Opsigt med den «aandelige Tilstand» og «Nøden,» den «aandelige Nød,» være en Censor morum, som det hedte i Rom. Denne aandelige Rodemester skulde da holde nøiagtig Regning paa, hvormange og hvem der gik i Kirke; han skulde i Roden fare om i Husene og rode efter i Boghylderne, hvad Slags Bøger Folk havde, om Romaner og Komedier og andet ugudeligt Væsen; man skulde famle om Væggene for at finde ugudelige og letfærdige Malerier og

Skilderier. Hvad der skulde gjøres med dette syndige Tant, blev ikke riktig sagt; men ventelig skulde det opbrændes paa en hellig Ild.

Vinje samanliknar ytringane som kjem fram på møtet med det som gjekk føre seg i mellomalderen, og strekkjer strikken langt når han teiknar eit bilet av det han høyrer på møtedagane:

[N]aar man [foreninga] vil indføre Inkvisitionen, bør man være fuldstændig og strængt taget ikke alene brænde Bøger og Skilderier som ikke er «gudelige», men ogsaa de syndige Mennesker; thi det er dog de, som ere de skyldige. Middelal-dren bør fuldstændig komme igjen, følgelig ogsaa Hexeproces-ser og Opbrændelser; det nytter ikke at have nogenting halvt.

Det prestane ønskjer å gjere i Noreg, vert gjennom overdriving samanlikna med ein inkvisisjon lik den i mellomalderen. Slik rammar Vinje inn den geistlege tenkjemåten og meiner det heile er så gale at møta må haldast for lukka dører. Det er ei fordobling av ironi som nærmar seg sarkasmen (jf. Linneberg ovanfor), og Vinje er oppskjørta over at det blir fremma ønske om fleire prestar for å gjennomføre «inkvisjonen»: «'Vi trænge til flere Præster', siger man atter og atter her som man sagde i Thinget, da der var Tale om de mange Kapellaner. Folket trænger til 'aandelig Hjælp', til 'Sjelepleie'». Det er stor og grotesk avstand mellom det inkvisjonen stod for og metaforen «sjelepleie».

Trass ein rolegare tone frå Vinje i denne delen brevet, kjem det klart fram at han meiner at folk treng noko heilt anna enn det ein prest kan by på. Folket treng ein lærar! Han bruker klare kontrastar for å vise kva han meiner om den eine og den andre profesjonen. Om prestar meiner han at det er sorgjeleg å sjå at så mange høgst alminnelege og middelmåttige menneske står på

«Prædikestolen». mens folket treng lærarar meir enn prestar; dei treng gagnelege folk som «ingen Bedrøvelse Vække». Prestar, meiner han, er ei liding å høyre på. At ikkje alle prestar er slik som omtala, meiner han er sjølvsagt, og utviser slik tillit til lesarane sine.

Vinje set gjerne den eine opp mot den andre, som her gjennom kontrasten mellom prestar og lærarar. I tillegg til presten, er det «de studerende» som ikkje kan måle seg med læraren. Han er lun når han omtalar lærerstanden etter å ha deltatt på eit møte i *Christiania Stifts Skolelærerforening* i august i 1954, men ikkje fullt så god med dei studerande. Ikkje nok med at mange av dei ender opp som hårlause og knusktørre akademikarar (eller prestar); dei har som regel heller ikkje noko særleg å skilte med i toppen i utgangspunktet:

[D]e fleste unge Folk fra Bygderne, som reise til Seminarierne, gjerne ere gode Hoveder, hvorved de fordelagtig adskille sig fra de Studerende, om hvilke man som Regel ikke kan sige det samme, da disse saa ofte drives frem enten de due noget eller intet, hvorfor en Mand ganske vittigt og træffende sagde, idet han opregnede, hvad hans Sønner skulde blive: «Min næstyngste Søn er det daarligste Hoved, derfor skal han ogsaa Studere. (181/1854)

Kroppen, og i dette tilfellet også hovudet, er utgangspunkt for ironien og humoren. Eit «godt» hovud står metonymisk for intelligens og klokskap, og dei gode hovuda utdannar seg til lærarar, mens dei «dårlege» hovuda blir studentar. På karnevalistisk vis snur Vinje opp ned på vanlege tenkjemåtar ved å byte om på det høge og det låge.

Om kunnskap og læring

Skulemannen Vinje har litt av kvart å seie om kva og korleis ele-vane burde lære i skulen. Han er kritisk til å gje undervisninga ei «praktisk» retning, slik han meiner tendensen er i skulen – og dessutan i tidas alminnelege gang. For som han skriv: «Det er godt at Livet er praktisk; men det maa ikke i sin praktiske Retning arte sig tankeløst og raat. Livet har et høiere Maal end det, som nærmest for Haanden ligger». (2/1853) Han skriv seg inn i ein debatt som går føre seg i «Posten» (Christiania-Posten) og andre aviser om morsmålets plass og betydning i skulen.

Det er eit vakkert biletet Vinje spenner opp når han til dømes talar om at «Kundskabens Mark er uendelig», i motsetnad til det kjende treet ein ikkje burde plukke frå! Det er nemleg ubegrensa kor mykje ein kan hauste av kunnskap her i verda. Likevel er det ikkje mengda det kjem an på: «[S]om Hukommelsens Eiendom er det en Skat [altså innhausting], Møl og Rust kan fortære». Det viktigaste er, meiner Vinje, ikkje kvantitet, men *korleis* ein lærer. Han bruker døme og kontrasterer for å forklare lesarane:

Man har Exempler nok paa Ynglinge og Mænd, som kan meget men ere hjælpeløse og klodsede i Livet, medens man paa den anden Side sér Mænd, der kan mindre, men som forstaa at bruge, hvad de kan. Det er de sande praktiske Mennesker». Slike folk skapar ein ikkje ved å lære dei «mangt og meget og gjøre Undervisningen praktisk, som man siger» (ibid.). Vinje meiner at det er den tenksame læringa som må til, som «sammenknytter de enkelte Ting, og ordner dem ind under en høiere Lov.

Han set slik læring opp mot det han kallar «den *flade* Betrakting», som spør etter kunnskap som ein kan sjå og ta på (ikkje

ulikt kunnskapsmål?). «Den *flade* Betraktnings» er vegen, meiner Vinje, til det unyttige og «ufruktbare», og slik sett nettopp motsetnaden til det praktiske. Her ligge ei underforstått kontrast mellom det flate (det unyttige) og det djupe (det praktiske). Vinje trekkjer fram Liebnitz, Newton og anna framifrå folk for å forsterke argumenta sine:

Da Liebnitz og Newton gjennem et stille og anstrængende Studium opdagede mange af Mathematikens høiere Love, sagde visselig Verden at de vare upraktiske, men da holdt de netop paa at finde det, som gjorde Nutidens Machiner mulige; disse ere dog praktiske nok. Paa Spørgsmalet om han af Latin og Græsk havde lært at styre og regjere saa godt, svarede en berømt engelsk Statsmand: «Nei, men Sprogene har skjærpet min Tænkning, gjort Aanden bøelig og givet mig det sikre Blik, som i ethvert Tilfælde lader mig finde det rette.» Hvad var her det Praktiske? Man maa ikke lade sig narre af det, som ligger nær. Hvad der viser sig at være en Trang for den menneskelige Aand, det er altid praktisk, hvor upraktisk det end sér ud.

Det kvar og ein har lyst eller trong til å lære, viser seg å vere det praktiske. Og det kan i praksis vere kva som helst, og kan ikkje fangast av verken mengda av kunnskap eller det vi i dag kallar læringsmål. Metaforen om at kunnskapens mark er uendeleg, er ei påminning til dagens kunnskapsmålarar og teknokratar. Underforstått ligge ei oppfatning av at det ikkje er mogleg å måle det uendelege. Gjennom tvisynet blir skiljet mellom praktisk og upraktisk oppløyst og framstilt som falsk, og til og med kunnskap om utdøydde språk kan vise seg å ha praktisk verdi.

Diskusjonane over går føre seg i 1853, men Vinje slepper ikkje læraren i seg, og tek opp att nokre av poenga i seinare brev som

omhandlar læring. I 1857 kommenterer han ein diskusjon om innhaldet i studieførebuande utdanning (187/1857). Utdanninga var for ungdom som skulle bli embetsmenn; eller *Statens aandelige Tjenere*. Og tenarar burde ha uniform, meinte Vinje, nærmare bestemt ei *aandelig Uniform*. Utdanninga burde, ifølgje Vinje, tene som ei slik uniform. Kanskje han tenkte at det kunne bøte på dei manglande evnene han meinte dei studerande sleit med i utgangspunktet? Metaforen om at utdanninga skulle vere ei åndelegr uniform, viser seg umogleg, då dei styrande ikkje blir einige om korleis uniforma skal sjå ut, og om latinsk stil skulle vere ein del av uniforma. Vinje hadde, slik vi har peika på over, ikkje særleg høge tankar om verken studerande eller embetsmenn, som var representantar for den døyande danske embetskulturen (jf. Haarbergs kommentar ovanfor).

Også utdanning generelt var som nemnt omdiskutert. Nokre meinte utdanninga var for brei og overflatisk, og ikkje førte til anna enn ukunnskap, medan andre meinte at meir måtte inn i utdanninga, blant anna «oldnorsk». Vinje er ikkje redd for at det blir for fullt i hovuda til dei eldre elevane:

En Mand kan lære meget; Hovedet bliver ikke snart fuldt, som Almuen tror. Det er med det som med Fodderne, der ikke slides ud ved at gaa barfødt; Saalen bliver derimod tykkere. Saaledes er det ogsaa med Hænderne, der faa Træle, og Ryggen til at bære Byrder eller til at taale Bank.

Vinje held seg igjen i det kroppslege domenet og snur opp ned på tradisjonelle oppfatningar. I ei tradisjonell oppfatning av læring blir hovudet oppfatta som ein behaldar med avgrensa plass i, og kunnskapen blir forstått som objekt som fyller behaldaren, slik at han til slutt blir full. Vinje er her på linje med ei moderne og dynamisk forståing av hjernen som avviser denne metaforen.

Hjernen kan som andre kroppsdelar trenast og skjerpast, slik at ein lettare kan lære meir til meir ein kan, slik vi i dag ser det i språklæring.

Vinje trur tvert imot at barna i skulen lærer for lite, men meiner at ein startar med for mykje for tidlig:

Jeg tror ikke, at Ungdommen lærer formeget, tværtimod meget forlidet; men man begynder fortidligt med den. Hjernen faar ikke fastne nok. Det er som at kjøre med en ung Fole; derved bliver han som Hest krokbeinet.

Vinje er igjen oppteken av det kroppslege når han seier at den som trenar for tidleg på noko, kan få varige skadar, som til dømes ein ungfole som får krokete bein som fullvoksen hest. Slik sett framstår han som ein forsvarar for barn som treng tid til å utvikle seg, og som ikkje må verken trenast (eller testast som i dag) for tidleg. Han viser seg også som ein god pedagog for dei små når han vidare slår et slag for den skapande førestillingsevna til barna:

Og saa tror jeg man ikke tager det paa den rette Fod med at lære de smaa Børn, der ikke godt kunne bruge Forstanden, men Indbildningskraften saa meget bedre. Naar man nemlig ikke tæmmer Folen ret, bliver han som Hest skakkøyrd eller stad eller faar anden Ulaat.

Truleg ville Vinje kunne hatt noko å tilføre pågående debattar i dag, sjølv om det nok ikkje er så mange i dag som har så god kunnskap om dyr som Vinje hadde.

At han har eit varm hjarte for dei små, kjem på nydeleg vis fram når han seinare i *Dølen* mimrar om si eiga tid som lærar og samanliknar barna med hengande klokker: «Det var gode dagar, daa eg var Skolemeistare. Smaagutar og mest Smaagjentor hingo

kring halsen min som Klokkor, og eg kunde ganga lutande og bera deim over heile Gølvet» (i *Dølen* i 1868). Slikt er rein poesi, må ein vel kunne seie.

Om Modersmaalet

Vinje er, ikkje overraskande, oppteken av morsmålet, anten det er språket i litteraturen, på teateret, i avisene eller i skulen. Som tilhørar på tidlegare nemnde møtet i *Christiania Stifts Skolelærerforening* i august i 1954 kan han konstatere at det mest av alt blir tala om kristendom og kristne bøker, heilt naturleg, meiner han, «[d]a Almueundervisningen væsentlig gaar ud paa at bibringe Børnene Christendomskundskab» (181/1854). Men særleg spennande synest han ikkje det er med det han oppsummerer som «dogmatiske Spidsfindigheder».

Meir interessant blir det derimot når ein i møtet kjem inn på historie og den historiske undervisninga; norskheita, det nasjonale og morsmålet i motsetnad til det danske skriftspråket:

Skolelærerne, som de fleste Almuesbørn, maa være glade i «Norskheten,» naar de blive vakte, og deres Erfaring som Skolemestere maa have lært dem, hvad vort danske Bogssproger for Almuesbørn, ligesom deres egen Lidelse under Udpiskningen af det Folkelige op igjennem Skolerne til paa Seminariet ikke kan være glemt. Denne Udpiskning trodde man hørte med til «Dannelse,» dette sagde jo alle Lærere og «dannede» Folk, derfor bar man den med Taalmodighed; men naar man senere i Livet tænker paa eller hører tale om dette Folkelige i Maal og Eftermæle, bliver man tilmode som naar man mindes Barndommen; man kan ligesom Schweitzeren kaste Geværet, styrte sig i Floden og svømme over den bort med Bjergene, hvorfra man hører Hjemslaatten.

Når vanlege folk skal utdanne seg, opplever dei berre at det folkelege vert piska ut av dei og kalla «dannelse». Utdanning og danning er metaforisk sett ei form for kroppsleg vald, som attpå til vart framstilt som nødvendig, utført av lærarar og danna folk. Men det folkelege som er blitt piska ut av ein, er ikkje lengre borte enn at ein kan minnest det og kanskje til og med nå fram til det når ein hører ein slått eller song frå fjellet.

Å samanlikne utdanning med vald er både kroppsleg, grotesk og karnevalistisk. Vinje framstiller det høge og danna som lågt og det folkelege som høgt. Det er ikkje snautt å skrive om danninga som ei utpisking av det folkelege, men det er kanskje med eit håp om ei endring? Preteritumsformene kan iallfall tyde på ein viss optimisme. Og så har han dessutan trua på lærararane som gagnlege og solide folk med gode hovud (som liknar han sjølv?).

Likevel, i 1855, kan han ikkje la vere å klage over hangen etter alt som er framandt, nærmere bestemt avisar på alskens framande språk. Leselysta kan ein ikkje klage på, meiner han, når ein finn abonnentar for blad som *Kladdaradasch* blant «Bønder som oppaa Hedemarken» (225/1855). Det ein derimot kan klage over er nettopp lysa på alt framandt. Så peiker han på Island på som eit motstykke til den manglande språklege sjølvstenda i Noreg:

Af Island kan vi lære: der gjør man Alt til Islandsk og skriver, saa Almuen læser. Derfor trives der ogsaa et oplyst Liv, selv i dette ublide og fattige Land. Det klinger utroligt, hvormange Abonnenter almindelige Tidsskrifter kan have der i et saa lidet Land; men der trives de, og Folk blive oplyste, medens her kan intet hjemmegjort trives; og saa smaa og fattige ere vi ikke, at ikke ogsaa vi kunde have noget. Lad os lære af Island; det er vort eget Folk, og i dette Folk ligger Selvstændighed. Der var Intet saa utaaleligt for de gamle Nordmænd som at rette sig efter Andre. At være Karl selv, var Hovedsagen.

Det er ingen tvil om at Vinje er bekymra over utfordingane med dansk som undervisningsspråk og som opplysningsspråk. Opplysning og eit opplyst liv er ein sentral metafor for kunn-skap. Island er eit opplyst land med mange tidsskriftsabonnenter, sjølv om det er mindre enn Noreg. Men i Noreg kan ikkje det heimelaga trivast, meiner Vinje, truleg fordi vi er for fine på det. Men vi kan lære av Island, som er eit sjølvstendig folk. Vi har også ein arv frå tidlegare tider om at det viktigaste var å vere *kar* sjølv, og ikkje rette seg etter andre. Her er metaforane i slekt med frigjerings- og slavemetaforane Kjelen (nemnt inn-leiingsvis) fann at Vinje brukte i omtale av språksaka. For Vinje handlar det om sjølvstende og stoltheit over det norske, og om folkeopplysning. Han hadde nok sjølv støtt på mang ein vanske både i eigen skulegang og som lærar i skulen. Seinare ser han seg oppgitt tilbake, og tenkjer at han iallfall har gjort det han kan for å fremje morsmålssaka:

Samfunder er en Daarekiste, naar jeg ser, hvorledes man lægger op for den unge Mand alle mulige Sprog, kun ikke Oldnorsk og idetheletaget Modersmalet; men saa er der ikke mere Ild i mig end jeg snart bliver kold og endogsaa morer mig over denne grændseløse Galskab, siden jeg har gjort alt hvad jeg kan for at afværge den (26/1858).

Ei dårekiste vart tidlegare omtalt som eit sinnsjukehus eller eit asyl. I dag vil ein kanskje seie at det er det same som ei avdeling for psykiatriske pasientar på eit sjukehus. Metaforen dårekiste på Vinjes tid impliserer at samfunnet er befolka med galne folk som tek galne avgjerder, i dette tilfellet om kva språk som skal lærest på høgare skular, seminarium og universitet: alle språk, men ikkje gammalnorsk og morsmål. Dette er så grenselaus galskap at det kallar på låtten hos Vinje, og det er ingen taparfli, men

ein lått som peikar mot framtida og mot at dei galne tek feil og at Vinje har rett.

Om det folkelege

«Liklukta kjenner korrespondenten helst i litteraturen», skriv redaktørane av dei nyutgitte korrespondentbreva i forordet. Vinje såg på det folkelege og det nasjonale som kjenneteikn på det som var levande. Vinje gjekk mykje på teatret og skreiv òg mange meldingar for *Drammens Tidende* om teaterforestillingane i Christiania. Eitt av stykka han skreiv om i korrespondentbrevet 15.5.1855, var *Guldbrandsdølerne* av då avdøde Christian Monsen, pressemann og diktar. At diktaren var avdød, vart gjort til eit poeng:

Det er en meget frugtbar Tid paa nye Theaterstykker nu herinde; men vi faa vel til Gjengjeld bie en god Stund paa noget nyt, idetmindste faa vi ikke noget mere fra den Mand, som skjæknte os dette sidste Stykke «Guldbrandsdølene;» thi han er død; og om han havde levet, havde vi neppe fundet Stykket saa godt; saa underlig er Verden, og det er et godt Træk hos den, da man kan ikke som mod Mennesket være for streng mod Kunstneren, Digteren og Literaten, saalænge han lever, og at man ihukommer ham som død, er en ren Naadegave.
(109/1855)

No er det ikkje heilt rett å seie at det ville vere ei nådegåve om ein kom i hug diktaren som daud heller, viser det seg. Stykket har nemleg gode sider, det har poetisk glimt og ei dramatisk haldning:

[Det er] spændende, næsten overspændt med Knald og Ef-fekt, og for Folk, som har læst meget og levet lidet, maa ogsaa

Karakterene, navnlig Bønderne i Guldbrandsdølerne, være fortræffelige; thi de tale, som de skulde have lært det udenad af en Roman eller være Stuepoesier. (109/1855)

Men trass i dette, som Vinje ironisk kallar «forryktheder, som Byfolk vist synes er deilige», går det ei poetisk flukt gjennom stykket, meiner Vinje. Og han tenkjer på kva det kunne ha blitt av Monsen, om han hadde fått leve vidare og kanskje hadde innsett «Usandheden i den almindelige Roman- og Poesistil og fundet den djerve Folkelighed og Greihed i Ordlaget, kort dersom han hadde været national». Det folkelege og det nasjonale går hand i hand, og det har med språk og morsmål å gjere:

Jeg kommer atter og atter tilbage til Sætningen: Sproget maa stemmes om som et falskt Instrument; dette maa Folk tidlig eller sent indse, thi selv fornuftige Byfolk snakke ikke saa bredfuldt og modbydeligt, som naar et Menneske begynder at skrive og skal være poetisk. Bare et Menneske tager Pennen i Haand, saa er det som en ond Aand skulde være faren i ham; da Farvel Natur, Sandhed og Folkevit.

Vinje samanfattar både poetikk, pedagogikk og språksyn i orda natur, nasjonal, sanning og folkevit. Metaforisk sett er språket eit instrument som må stemmast. Den som prøver å vere poetisk utan å stemme språket mot det sanne og folkelege, snakkar eller skriv som om ei vond ånd hadde fare i han, skriv Vinje satirisk. Kven eller kva den vonde ånda er, seier Vinje ingen ting om, men leseren kan tenkje sitt.

«Kunnskapens mark er uendelig», skriv Vinje, og løftar fram lærarane, språket, kunnskapen, bøkene og litteraturen si rolle i arbeidet mot det opplyste, folkelege og nasjonale. Kunnskapen er konkret, som eit jordstykke, men likevel endelaus. Innramminga

gir dessutan implikasjonar om at kunnskapen er noko som kan dyrkast fram, i det rette, nasjonale jordsmonnet.

Ein solidarisk Vinje med tvisyn

Som vi har sett, bruker Vinje mange, tydelege og effektive metaforar i korrespondentbreva til *Drammens Tidende* når han skriv om lærarar, kunnskap og skule. Som oftast er metaforane hans konkrete og kroppslege, samtidig som dei er kopla saman med humor, ironi (til og med sjølvironi) og satire. Gjennom metaforane oppretter han motnормer mot dei rådande normene i samfunnet og rammar inn ironien og satiren med tvisynet, som også blir ein viktig del av humoren, slik også tidlegare forsking grundig har dokumentert. Men kanskje er det ei side ved Vinje som ikkje har kome så tydeleg fram i tidlegare forsking om skrivestilen hans? Vi vil hevde at det også finst ein solidarisk Vinje, ein Vinje som held med dei som er lågast på rangstigen, mot dei som står høgast. Måten han omtaler skulebarn på er eit døme på dette.

Kven er så offer for Vinjes ironi og satire? Det er dei tilsette på universitetet, som ikkje har livskraft og energi. Det er myndighetene, som ikkje legg til rette for livskraftige kår for folkeleg kunnskap og utdanning. Det er middelmådige prestar som er ei liding å høre på, og som tenkjer som om dei skal gjennomføre inkvisisjon i mellomalderen. Det er dei studerande, som vert drivne fram anten dei duger eller ikkje. Det er forfattarar av ymse slag, som skriv falskt, ufolkeleg og motbydeleg, som om ei vond ånd skulle ha fare i dei straks dei tek pennen i handa. Det er byfolk som går i teatret og let seg forføre av slikt falskt, ustempt og ufolkeleg prat; og det er ikkje minst han sjølv som brukar av det danske skriftspråket i korrespondentbreva!

I 1847 tek han avskjed med sin *kjære Læser* gjennom åtte år. Og ikkje utan patos, må ein kunne seie. Tida er inne for å avslutte

ein epoke der det danske språket har vore pennespråket hans. Heretter skal han i *Dølen* nytte «Dølemaal». Eit kvart forsøk på å skulle fornorske språket på annan måte vil *frembringe en Vanskabning* (45/1859). Det danske skal han bruke som *Hverdagsklæder*. Han ber lesaren på satirisk vis om tilgjeving for tidlegare laster:

Jeg beder herved den ærede Læser om Tilgivelse, fordi ogsaa jeg engang var saa svag og arm og uvidende, at jeg vanæredes min norske Haand med at skrive Dansk, at jeg saaledes syn-dede mod Fædrelandets Aand og gjorde Mit til at slukke den sidste Rest af dens Liv; jeg skal ikke gjøre det mere. Intet, som jeg lægger Aand og Liv i, skal være paa Dansk. Den Aand, jeg har, skal være paa Norsk; vil Ingen have den, saa beholder jeg den for mig selv, — saa gjør jeg da idetmindste ingen Skade.

Språk er framstilt som klede, og der må dansken nøye seg med å vere kvardagsklede, mens landsmålet og folkemålet er festklede. Språket er også ein person eller ein skapning, som også kan bli ein vanskapning om ein ikkje fornorskar det på rett måte. Fedrelandet Noreg er ein person som har både kropp og sjel, og her til med «Aand», som ikkje må sløkkast eller syndast mot. Å synde er ein metafor frå Bibelen som betyr å bomme på målet, å halde på med noko som ikkje tener det gode, eller vere urein. Vinje bruker desse metaforane for å kritisere seg sjølv og sin tidlegare språkpraksis, og ironien og satiren går ut over han sjølv, slik vi har sett døme på før.

Ironien og satiren går derimot ikkje ut over lærarar, og aller minst lærarane på seminaret. Den går heller ikkje utover fattige forfattarar som skriv bøker for desse lærarane, og som vonaleg er like lykkelege og like lite grådige som ein filantropisk kokk på ein elvebåt på Rhinen.

Vi ser at Vinje er ein solidarisk ironikar og satirikar når han

skriv om lærarar, utdanning og skule. I denne samanhengen er han ein som ikkje sparkar nedover, sjølv om han kunne gjere det i andre samanhengar. Om han skulle ha utfalda seg i dagens kommentarfelt, ville han truleg ha brukt tvisynet til å straffe dei som fortente det mest, nemleg dei som sparkar nedover, eller dei som er oppblåste og manglar sjølvironi. Ein ting er sikkert, i ei slik rolle ville Vinje ha fått nok å gjere.

Notar

- 1 Alle korrespondentbrev vi siterer fra i artikkelen er henta fra *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859*. Tekstkritisk utgåve ved Nina Marie Evensen og Jon Haarberg. Alle noter o.a. i breva i den tekstkritiske utgåva, er fjerna fra sitata vi nyttar her.
- 2 I det følgjande refererer vi på same måte som her, ved at nummeret på brevet står først og årstalet etter. Når vi nemner brevet første gongen, set vi inn referanse for brevnummer og årstal. Når det kjem meir referat fra same brevet, utelet vi referansen for å lette lesinga.

Litteratur

- Burgers, C., Konijn, E. A. og Steen, G., J. (2016). «Figurative Framing: Shaping Public Discourse Through Metaphor, Hyperbole, and Irony». *Communication Theory, Volume 26, Issue 4*, s. 410–430.
- Lakoff, G. & Johnson, M. (1980). *Metaphors We Live By*. Chicago: Chicago.
- Haarberg, J. (1985). *Vinje på vrangen*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Haarberg, J. (1993). «Etterord. Vinje på vranga». I: *A. O. Vinje Skrifter i Samling* (Bd. VI). Oslo: Samlaget.
- Kjelen, H. A. (2001). «Antikken og det moderne i A. O. Vinjes forfattarskap». Hovudfagsoppgåve. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Linneberg, A. (1992). *Norsk litteraturkritikkens historie bd. II: 1848–1870*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rolfsen, N. (1886). *Norske Digttere. En Anthologi med Biografier og Portretter af norske Digttere*. Bergen: Ed. B. Giertsens Forlag.
- Vinje, A.O. (2018). *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859*. Tekstkritisk utgåve ved Nina Marie Evensen og Jon Haarberg. Oslo: Det norske språk og litteraturselskap / bokselkap.no i samarbeid med Nasjonalbiblioteket.